


Risiko- og Sårbarheitsanalyse Områdeplan for Eikelandsosen



Planid: 1241_201607

Saksnr: 16/1089

Datert: 12.12.2018

Revidert: 07.11.2019

Innhold

1	Forord.....	3
2	Metode.....	4
3	Omtale av planområdet.....	7
3.1	Forhold ved utbyggingsområdet.....	7
3.1.1	Topografi	8
3.1.2	Geologi	9
3.1.3	Vegetasjon.....	12
3.2	Hydrologi	13
3.3	Trafikkulukker.....	16
4	Identifisering av moglege uønskete hendingar.....	18
5	Risiko- og sårbarheitsvurdering	22
5.1	Store nedbørsmengder.....	22
5.2	Flaumfare	24
5.3	Skredfare	26
5.4	Forureina grunn.....	28
5.5	Radon	30
5.6	Høgspent	32
6	Identifisere tiltak for å redusere risiko- og sårbarheit	34
7	Samandrag og korleis analysen påverkar planforslaget.....	35
8	Kjelder	37

Prosjekt: 201802600	Rapportdato: 12.12.2018 Revidert: 07.11.2019
Plannamn: Områdeplan for Eikelandsosen	Plannr. 1241_201607 Saksnr. 16/1089
Rapporttittel: Risiko- og sårbarheitsanalyse. Områdeplan for Eikelandsosen	
Fylke: Hordaland	Kommune: Fusa
Stad: Eikelandsosen	
Samandrag: Basert på risiko- og sårbarheitsanalysa er planområdet vurdert å vera utsett for følgjande uønskte hendingar;	
Store nedbørsmengder og flaum Store nedbørsmengder og flaum er vurdert som ein potensiell fare for planområdet. Prosjonar av endringar i klimaet synar at det er sannsynleg at på Vestlandet vil vassføring i ein 200-års flaum auke med 20% dei neste 100 åra. Områdeplanen omfattar eit stort område med varierande topografi, overflatedekke og vegetasjon. Det renn fleire elvar og bekkar innanfor området. Flaumsoner er kartlagt og lagt inn i plankart.	
Skredfare Deler av planområdet ligg i NVE sitt aktsemndskart for utløpsområde for steinsprang og lausmasseskred. Planområdet låg under maringrense under siste istid. Hellingskart synar at det er fleire aktuelle område kor ei skredhending kan førekamma. Det vart utført skredfarekartlegging i store deler av planområdet i 2017 av NVE og Multiconsult, (NVE, 2017), samt ein egen skredvurdering for BIR sitt område. Klimaendringane er venta å føre til økt mengde nedbør, samt hyppigare intense nedbørsperiodar. Økt frekvens med intense nedbørsperiodar med mykje nedbør på kort tid kan føre til at skredhendingar.	
Forureina grunn Eit område er merka i Miljødirektoratet sin database som gul-sone - «kan brukast med restriksjonar». Området som er merka vert nytta til næringsverksemd og er i områdeplanen vidareført som næringsområde. Før området kan nyttast til andre føremål må det utførast grunnundersøkingar for å stadfeste konsentrasjonar av eventuelle skadeleg stoff.	
Radon Planområdet ligg i NGU sitt aktsemndskart for radon hovudsakeleg innanfor «Moderat til låg aktsemgrad», mens nokre stadar er merka som «høg aktsemgrad» (NGU, 2018). Berggrunnen innan for planområdet varierer og er i NGU sitt geologiske berggrunnskart skildra som glimmerskifer, granitt og gneis. Ved nybygg er det krav om etablering av radonsperre og tiltak i byggegrunnen for å redusere radonkonsentrasjonen i inneluft.	
Høgspent Det går ein høgspent-trase gjennom planområdet. WHO har klassifisert lågfrekvent magnetfelt som mogleg kreftframkallande (Statens Strålevern, 2017). Det er ikkje dokumentert negative helseeffektar ved eksponering for elektromagnetiske felt så lenge verdiene er lågare enn 200 µT. Grenseverdi for magnetfelt frå straumnett er 200 µT (Statens Strålevern, 2017). Det vert ikkje lagt til rette for nye tiltak i nærliken til høgspent-traseen.	
Oppdragsgjevar: Fusa kommune	Forfattar: Helge Jørgensen

1 Forord

I plan- og bygningsloven § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivaretatt og følgt opp. Ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er ei systematisk og analytisk metode for å identifisere uønskte hendingar og vurdera sannsyn og konsekvens for at ei hending skal oppstå. ROS-analysen føreslår også risikoreduserande eller skadeavgrensande tiltak for å kunne redusere risikonivået. Analysen skal vurdere potensiell risiko- og sårbarheit og endringar i denne ved føreslått arealbruk. I analysearbeidet blir det brukt tidlegare registreringar og synfaring i planområdet, samt tilgjengelege fagutgreiingar frå offentlege instansar.

ROS-analyser for reguleringsplanar skal følge opp ROS-analysen frå kommuneplanens arealdel og fange opp meir og detaljert kunnskap.

Tabell 1. Lov om planlegging og byggesaksbehandling, § 4-3 samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheisanalyse.

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.

Rapporten tar for seg problemstillingar som i reguleringsfasen er vurdert til å kunne krevja avbøtande tiltak i byggje- og driftsfase. Analysen er forsøkt tilpassa det planleggingsnivå som eit reguleringsforslag representerer. Der det føreligg kjende detaljer om bygg, avstandar m.m. er analysen detaljert. Eit mål med risikoanalysen er at punkt som blir nemnt, skal vidareførast i detaljprosjektering av bygg og anlegg og peike på problemstillingar som må følgjast opp i det vidare arbeidet. Formålet med risikoanalysen er å innarbeide risikoreduserande og skadeavgrensande tiltak i reguleringsplanen.

Det kan komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. Vår anbefaling er at det undervegs vert gjennomført fortløpande risikovurderingar i gjennomføring av prosjektet.

2 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren «*Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging*», utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også akseptkriteria til Fusa kommune.

Risiko= Sannsyn x Konsekvens => Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Viktige omgrep:

Sannsyn: Eit mål for kor truleg det er at ein bestemt hending inntreffer i planområdet innanfor et gitt tidsrom

Sårbarheit: Vurderer motstandsevnene til utbyggingsformålet, samfunnfunksjonane og ev. barrierar, og evna til gjenopprettning

Konsekvens: Verknaden den uønskte hendinga kan få i eit planområde eller utbygningsformålet

Usikkerheit: Omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga

Barrierar: Eksisterande tiltak, f.eks. flaum/skredvoll, sikkerheitssoner rundt farleg industri, eller varslingssystem som kan redusere sannsynet for og konsekvens av ei uønskt hending.

Tiltak: I oppfølging av funn frå ROS-vurderinga kan det bli avdekkta behov for tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette kan være forbeteringar i barrierar eller nye tiltak.

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysa. Tryggleik omfattar befolkningas tryggleik og samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og vert knytt til konsekvenstypen «Stabilitet».

Tabell 2. Samfunnsverdiar og konsekvensar.

Samfunnsverdiar	Konsekvens
Liv og helse	Liv og helse
Tryggleik	Stabilitet
Eiendom	Materielle verdiar

ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassen som utbyggingsformålet hører til er det angitt ein nominell årleg sannsyn, sjå Tabell 3.

Tabell 3. Førande vurdering av sannsyn.

Sikkerheitsklasse 1	Omfattar f.eks. lagerbygg, uthus etc.
Sikkerheitsklasse 2	Omfattar f.eks. einebustad, tomannsmannsbustad og rekkehush/blokk og fritidsbustad med maks. 10 bustadeiningar, arbeids- og publikumsbygg, overnatningsstad der det oppheld seg maksimalt 25 personar, driftsbygningar i landbruket.
Sikkerheitsklasse 3	Omfattar rekkehush/blokk og fritidsbustad med meir enn ti bustadeiningar, arbeids- og publikumsbygg, overnatningsstad der det oppheld seg meir enn 25 personar, skule, barnehage, sjukeheim og lokal beredskapsinstitusjon som f.eks. brann- og politistasjon og infrastruktur med stor samfunnsmessig betydning.

I ROS-analysen vert sannsyn brukt som et mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag.

Tabell 4. Sannsynsvurdering for flaum og stormflo.


F	Sannsynskategori	Nominell årleg sannsyn	Sannsyn (per år)
F1	Høg	1 gang i løpet av 20 år	1/20
F2	Middels	1 gang i løpet av 200 år	1/200
F3	Lav	1 gang i løpet av 1 000 år	1/1000

Tabell 5. Sannsynsvurdering for skred.

S	Sannsynskategori	Nominell årleg sannsyn	Sannsyn (per år)
S1	Høg	1 gang i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	1 gang i løpet av 1000 år	1/1000
S3	Lav	1 gang i løpet av 5 000 år	1/5000

ROS-analysa er utført etter Fusa kommune sine akseptkriterier, vedteke i kommunestyret 25.09.2014. Desse akseptkriteria er lagt til grunn i ROS-analysa. Resultata frå ROS-analysa vert sett inn i risikomatriser. Dette er ei samanstilling av vurderingar av sannsyn og konsekvens frå dei ulike identifiserte uønska hendingane.

ROS-analysen blir utført etter fem trinn som er vist i Figur 1. Samlebetegnelse for desse trinna er ein ROS-analyse.



Figur 1. ROS-analysen er ein samlebetegnelse på dei fem trinna.

Tabell 6. Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

Sannsynleg	Vekt	Definisjon
Svært sannsynleg	6	Ei hending oftare enn kvart 2. år
Mykje sannsynleg	5	Ei hending per 2 – 20 år
Sannsynleg	4	Ei hending per 20 – 200 år
Noko sannsynleg	3	Ei hending per 200 – 1000 år
Lite sannsynleg	2	Ei hending oer 1000 – 5000 år
Usannsynleg	1	Inntrekk aldri eller sjeldnare enn kvart 5000. år

Tabell 7. Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending.


	Menneske (Liv og helse)	Miljø (Jord, vann, luft)	Materielle verdiar (Økonomiske tap)
Ufarleg	Ingen personskade	Ingen miljøskadar el. Forureinning av omgjevnadane	Små eller ingen skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade under 10.000,- /prod.stans under 1 veke
Ein viss fare	Få og små personskader, korte sjukefråvær	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter relativt kort tid	Mindre lokalskade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar under 100.000,- / Prod.stans under 3 veker
Farleg	Få, men alvorlege personskader. Maneg indre personskader(meir enn 10)	Miljøskadar av stort omfang, m/middels alvor og/el. Skadar av lite omfang m/ høgt alvor	Alvorleg skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar begrensa opp til 1. mill. /Prod. Stans over 3 veker.
Kritisk	Opp til 2 døde, og/eller 5 alvorleg skade, og /eller opp til 10 evakuerte	Store og alvorlege miljøskadar	Tap av og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade opp til 10.mill. /prod.stans i over 3 mnd.
Katastrofalt	Meir enn 2 omkomne og/eller meir enn 5 skadde, og/eller meir enn 10 evakuerte	Langvarig, i verste fall varig alvorleg skade på miljøet	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade for over 10.mill /prod.stans over 1 år.

Tabell 8. Risikomatrise. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens.

Sannsyn		Liv og Helse					Stabilitet					Materielle verdiar				
		Konsekvens					Konsekvens					Konsekvens				
		K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5
Sannsyn	S6															
	S5															
	S4															
	S3															
	S2															
	S1															

3 Omtale av planområdet

Planområdet ligg inst i Eikelandsfjorden i eit daldrag, omkransa av høge fjell på begge sider. Planområdet strekk seg frå Eikelandsfjorden i vest til Skjelbreidvatnet i aust. Fylkesveg 552 og fylkesveg 48 fører begge til Eikelandsosen og er hovudfartsårer gjennom Fusa kommune (Figur 2).




Figur 2. Oversiktskart som synar lokasjon til planområdet.

3.1 Forhold ved utbyggingsområdet

Området er avgrensa av høge fjellformasjonar i nord og sør, og kor grøntdraget med Koldalselva er eit sentralt element mellom sjøen i vest og vatnet i aust. Det høgaste punktet innanfor planområdet er ved Stallabrotet på 160 moh. Terrenget går slakt opp frå kystlinja og til Skjelbreidvatnet. Fylkesveg 48 og 552 er sentrale aksar for gjennomgangstrafikk, og er tydelege i landskapet. Del av Skjelbreidvatnet, samt Koldalselva inngår i planområdet og dannar viktige landskapselement. I planområdet inngår og fleire mindre elver og bekkar. Dette gjeld Lunarvikelva, bekkar som renn ut i Lundarvika, bekkar frå Eikelandsheiane og bekkar som renn frå Eikeland og ned mot Leiro. Det er og ei rekke bekkar som drenerer ut i Skjelbreidvatnet og Koldalselva.


Innanfor planområdet ligg det fleire bygg som er klassifisert som sårbare bygg. Skule, sjukeheim, brannstasjon, ambulansestasjon, ligg alle i Eikelandsosen. Det er planlagt ny brannstasjon på Eikelandsheiane og ny Ambulansestasjon ved Fjorden senter. Lokasjon til sårbare bygg er vist i Figur 3. Bygg som er klassifisert som sårbare bygg tilhørar sikkerheitsklasse 3 etter definisjon i TEK17 (sjå Tabell 3). Alle sårbare bygg ligg utanfor omsynsssoner for naturskade (Figur 3).



Figur 3. Kart som synar lokasjon til bygg som er klassifisert som sårbare. Desse byggna tilhøyrar sikkerheitsklasse 3 i medhald til TEK17.

3.1.1 Topografi

Eikelandsosen ligg i ein dal, omkransa av høge fjell på nord og sørsida. Innanfor planområdet er topografien skildra som kupert, utan høge fjell. Det lågastliggjande område grensar til sjø og ligg på kote +1-2m, mens den nordvestlege del av området omfattar nedre del av fjellsida, kor det høgste punktet innanfor planområdet ligg kring kote +180m. Skjelbreidvatnet ligg på kote +47m, kor Koldalselva renn frå og vidare ned gjennom Eikelandsosen sentrum og ned til sjø. Det er fleire bekkar og elver som renn ned frå fjellsida som omkrinsar Eikelandsosen.



Figur 4: Høgdelagskart som viser høgdefordelinga i planområdet og kringliggjande områder.

3.1.2 Geologi

Berggrunnen innan for planområdet varierer og er i NGU sitt geologiske berggrunnskart skildra som glimmerskifer (Koldalsdekket), granitt og gneis (Heimstadflaket) (Figur 6). Bergartane høyrer hovudsakeleg til Hardangerfjordkomplekset, som består av kamborsilurske skyvebargartar som blei forma og deformert under den kaledonske fjellkjededanninga for 490-390 millionar år sidan.

Størstedelen av planområdet ligg under marin grense, og det er derfor sannsynleg at ein vil finna marine avsetningar innan for området. Lausmassane i planområdet er skildra i NGU sin kartdatabase som hav- og fjordavsetningar, strandavsetningar, tynt morenedekke og deler av området er skildra som bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke (Figur 5).


Det er fleire bratte skrentar kring planområdet, og fleire av desse skrentane er merka i NVE sitt aktsemndskart som utløysningsone eller utløpssoner for skred (Figur 6).

Aktsemdkart frå NVE er grove og fangar ikkje opp detaljar, mindre skrentar og skrånningar. Dette medfører at skrånningar på 30-50 høgdemeter ikkje alltid vert fanga opp i aktsemndskarta. Det er difor naudsynt å kontrollere om det innanfor eller eventuelt nært planområdet er mindre skrånningar/skrentar med hellingsvinkel over 25°.


Basert på FKB-data, med kote-ekvidistanse på 1m, er det generert ein digital terrenngmodell (DTM) ved bruk av ArcGIS Pro. Ein digital høgdemodell er ein tredimensjonal digital representasjon av terrenget som gjer informasjon om høgde over havet i kvart punkt av datasettet. Skyggekart er ein visningsmåte av terrenngmodellen som gir et reliefkart av terrenget. Skyggekart med høg oppløysing

er svært nyttige i geologisk skredkartlegging for å avgrense skredbaner, utløysingsområder, skredavsetningar m.m..


Terrengmodellen har vidare blitt nytta til å beregne hellinga på terrenget og viser brattheit av terrenget for kvart punkt i datasettet i forhold til nabopunkta. Hellingsvinkel er ein av dei viktigaste parameterane for å definere utløysingsområde for skred. Hellingskartet i Figur 8. er delt i følgande klasser: 25° til 30° - moglege utløysingsområde for jordskred, 30° til 45° - moglege utløysingsområde for jordskred og snøskred, 45° til 60° - moglege utløysingsområde for snøskred og steinsprang, 60° til 90° - moglege utløysingsområde for steinsprang.




Figur 5. Størsteparten av planområdet ligg under marin grense og det er sannsynleg at det er marine avsetningar innanfor planområdet.



Figur 6. Berggrunnskart for planområdet.




Figur 7: Aktsemndskart fra NVE sin skreddatabase. Fleire av skrentane kring planområdet er merka som aktsemndsområde for skred.



Figur 8. Terrenghelling av terrenget kring planområdet.

3.1.3 Vegetasjon

Vegetasjonen i planområdet er varierende og er i NIBIO si kartdatabase skildra med eit større område med fulldyrka jord, skog, mindre område med overflatedyrka jord og innmarksbeite, open skrinn fastmark, myrområde og open jorddekt fastmark.



Figur 9: Kart som viser bonitet

3.2 Hydrologi

Eikelandsosen er omkransa av høge bratte fjellsider med fleire større nedbørssfelt som drenerer mot Eikelandsosen. Koldalselva og Lundarvikselva er vist i NVE sin kartdatabase med aktsemdområde for flaum. I byar, tettbygde strøk og større asfalterte og tette områder, er det kraftig nedbør i løpet av kort tid som forårsakar flest skader.

For å vurdere størrelse på nedbørssfelt og strøymingsretninga overflatevatn vil ta, er det utarbeida ei hydrologisk analyse for å kartlegge desse. Ved bruk av ArcGIS Pro sitt hydrologi-verktøy har strøymingsretninga og nedbørssfelt for planområdet blitt kalkulert.

Analysa er utført basert på tilgjengeleg laserdata med ei oppløysning på 0.5x0.5 meter. Dei kartlagde nedbørsselta, samt strømmingsmönsteret er difor av høg detaljgrad. Analyse synar kva for veg overflatevatn vil, heilt ned til eit detaljert nivå. Vatnet som følger desse vassvegane er berre vassførande ved intense nedbørspérioder. Basert på analysa, kan ein sjå kor potensielle flaumområde kan er lokalisert.

Planen som no vert utarbeid er ein områdeplan og det er difor ikkje detaljert ut planeringshøgder eller anna infrastruktur. Den hydrologiske analysane er difor avgrensa til å visa korleis nedbørssfelt og dreneringssystem er for gjeldande terregnform. Ved seinare detaljregulering av området, vil ein kunne utvide analyse til å sjå på konsekvensar ved endringar av terregn. Dreneringssystema som er vist i kartet under, må ved seinare detaljreguleringsfase visast at vert ført til elv eller sjø på ein sikker måte, slik at ikkje planlagde tiltak, eller tilstøytane infrastruktur, og bygg ikkje vert utsett for skade.

Dei hydrologiske vurderingane må ved detaljering av planlagde tiltak supplerast med endringane som er planlagt. Ei utbygging i eit område som i dag består av vegetasjon vil få ei auke i tette flater, noko som påverkar avrenningsfaktoren. Ved bruk av blå-grøne løysingar vil ein redusere avrenningsfaktoren og dermed forhindre/dempe ei uønskt hending relatert til intense nedbørspérioder og flaum.

Vassmengda for kvart av nedbørsselta er berekna for å synleggjera kort mykje vatn som renn i nedbørsselta. Den rasjonelle metoden er nytta for å kalkulere overvassmengder for kvart nedbørssfelt. For berekningar er det nytta ein klimafaktor på 40%. Klimafaktor er nytta for å ta omsyn til forventa auke i nedbør som en konsekvens av klimaendringane.

Tabell 9 synar størrelse, avrenningsfaktor, konsentrasjonstid og intensitet for nedslagsfelta. Avrenningskoeffisienten er avhengig av lausamssane og forhold mellom fjell i dagen, skog og urbant område er vurdert for kvart område.

Til å berekne vassføring er det nytta 2-år, 20-år og 200-års regn. Intensiteten er henta frå IVF-kurve på Sandsli.


Tabell 9. Oversikt av nedbørsfelta med tilhøyrande faktorar for berekning av vassmengde.

Nedlagsfelt	Areal (ha)	Φ	Lengde	Høyde	tc (min)	2 år	20 år	200 år	Fjell	Skog	Urban
1	75,7	0,49	1 655	338	54,10	43,8	66,7	89,4	0,19	0,41	0,40
2	46,2	0,37	1 589	288	56,18	44,75	68,13	91,14	0,13	0,87	0,00
3	80,6	0,51	1 850	667	42,98	56,4185	74,2	99,2	0,38	0,62	0,00
4	354,4	0,83	4 416	795	93,70	30,2	50,1	67,1	0,96	0,04	0,00
5	46,7	0,63	1 328	454	37,40	54,1	81,55	106,1	0,58	0,42	0,00
6	52,5	0,73	1 803	532	46,90	47,1	69,7	92,3	0,84	0,16	0,00
7	71,8	0,66	2 001	556	50,90	43,1	69,7	90,24	0,65	0,35	0,00
8	7,5	0,42	660	140	33,47	58,2	87,3	107,3	0,24	0,76	0,00
9	2,6	0,49	505	107	29,29	61,2	92	120	0,34	0,66	0,00
10	22,3	0,66	845	259	31,50	58,5	87	114	0,63	0,37	0,00
11	5,2	0,43	611	123	33,06	56,1	84,5	112	0,26	0,74	0,00
12	5,5	0,50	927	201	50,15	44,2	66,3	89,3	0,44	0,56	0,00
13	9,2	0,55	1 005	244	38,60	54,4	81,55	106,1	0,56	0,44	0,00
14	2,6	0,38	451	56	36,16	58	87,5	111	0,18	0,82	0,00


Avrenning før utbygging, dagens situasjon, er berekna for dei nedbørsfelta som er vist i Figur 10. Før utbygging inneheld nedbørsfelta hovudsakeleg terrenget med skog, myr og fjell. Området er kupert og er omkransa av høge fjellsider med mange naturlege bekkedaler. Tabell 10 synar avrenning for kvart nedbørsfelt med ein klimafaktor på 40%.

Tabell 10. Avrenning Q (m³/s) er berekna med ein klimafaktor på 40%. Intensiteten er henta frå IVF-kurve frå Sandsli værstasjon.

Vannføring (m ³ /s) med klimafaktor			
Nedlagsfelt	2-år	20-år	200-år
1	2,24	3,48	4,66
2	1,07	1,62	2,17
3	3,26	4,29	5,74
4	12,42	20,61	27,60
5	4,40	3,38	2,24
6	2,55	3,78	5,00
7	2,87	4,64	6,00
8	0,27	0,41	0,50
9	0,25	0,19	0,13
10	1,19	1,77	2,32
11	0,34	0,25	0,17
12	0,17	0,26	0,35
13	0,38	0,57	0,75
14	0,08	0,12	0,15



Figur 10. Oversikt over nedbørsfelt (sorte polygon) og strøymingsmønster (blå linjer) av overflate vatn.




3.3 Trafikkulukker

Det er i Fusa kommune registrert 182 trafikkulykker i tidsrommet 1977-10.2018. Det er langs fylkesvegane det førekjem flest ulykker med 93% av alle registrerte ulykker, mens langs det kommunale vegnettet er det registrert 5,5%. Det er Fylkesveg 48 og Fv. 552 som er mest utsett for ulykker, med hendhaldsvis 87 og 43 registrerte ulykker i tidsperioden 1977-10.2018.

Det er bilulukker som står for størsteparten av dei registrerte ulukkene og utgjer 76% av alle ulukker. MC-ulukker står for 18%.


Dei fleste trafikkulikkene er registrert som lettare skadd (69%), 26% av ulukkene er registrert som alvorleg skadd. Det er 6 ulykker registrert med omkomme i trafikken i Fusa kommune.

For områdeplanen i Eikelandsosen er det valt ut eit avgrensa område for å sjå nærmere på ulykkesstatistikken (Figur 12). For området som er valt er det registrert 48 ulykker, fordelt på fylkesveg 48 (40 ulykker) fylkesveg 552 (6 ulykker) og kommunal veg 1004 (2 ulykker).



Figur 12. Oversikt over trafikkulykker som er registrert i nærleiken eller innanfor planområdet.

Ulykkesstatistikken for det avgrensa området for områdeplanen syner at flest ulykker er registrert som bilulykke (35) som utgjer 73% av ulykkene. Ca. 17% er registrert som MC-ulukke (8). Flest ulykker forekjem på vegstrekninger som har fartsgrense på 80 km/t (60%). Av ulykkene er 56% registrert som lettare skadd og 33% som alvorleg skadd. Det er registrert 4 dødsulykker (1984, 1987, 1989 og 1996), alle langs fylkesveg 48.



4 Identifisering av moglege uønskte hendingar

Type hending	Kategori	Uønskete hendingar	Nr.	Vurdering	Liv og helse	Stabilitet	Materielle verdiar
Naturhendingar <i>(Inkl. ev. klimapåslag)</i>	Ekstremvær www.met.no www.yr.no	Sterk vind	1	<p>I vindkart for Noreg, er planområdet vist med årsmiddelvind mellom 3,5-4,5 m/s (Kjeller Vindteknikk & NVE, 2009).</p> <p>Det er ikkje værstasjonar i Fusa kommune med historiske vind-målingar.</p> <p>Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygningsskadar. Skadar som oppstår er gjerne som følge av lausrivne bygningselement og rotvelt av skog.</p> <p>Sterk vind er ikkje vurdert til å utgjera ei fare for planområdet</p>			
		Store nedbørsmengder	2	<p>Sidan nedbørsmålinga starta i 1900 har nedbørsmengda auka med ca. 18% i Noreg (Hanssen-Bauer et al., 2015). Auken har vore størst om vinteren, og auken har vore størst på Vestlandet. Det er venta at på Vestlandet vil vassføringa i ein 200 års flaum sannsynleg auke med meir enn 20 % dei neste 100 åra (NVE, 2016).</p> <p>Områdeplanen omfattar eit stor område med varierande topografi, lausmassedekke og vegetasjon. I tillegg er det fleire elvar og bekkar innanfor området samt innsjøar.</p> <p>Klimaendringane er venta å føre til økt mengde nedbør, samt hyppigare intense nedbørspunkt. Økt frekvens med intense nedbørspunkt med mykje nedbør på kort tid er venta å føre til økt materiell skade. NVE anbefal at eit klimapåslag på minst 20% vert nytta for små nedbørdfelt, uavhengig av lokasjon (NVE, 2016).</p> <p>Flaum i elv/bekk, innsjøar og urbanflaum ved store nedbørsmengder vert vurdert i punkt 4, 5, 6.</p>		X	X
	Flaumfare www.NVE.no	Flaum i elv/bekk	4	<p>Det er fleire bekkar og elvar som renn i planområdet. Klimaendringane er venta å føre til økt mengde nedbør, samt hyppigare intense nedbørspunkt.</p> <p>Det er vurdert at det er sannsyn for at elvar og bekkar vil føra til flaum i områda som ligg i nærleiken til elvar og bekkar.</p>		X	X
		Flaum i vassdrag/innsjø	5	Det er fleire større nedbørdfelt som drener mot Skjelbreidvatnet. Koldaldelva renn frå Skjelbreidvatnet og ned til sjøen, gjennom heile planområdet.		X	X
		Urban flaum/overvass-handtering	6	I byar, tettbygde strøk og større asfalteide og tette områder, er det kraftig nedbør i løpet av kort tid som forårsakar flest skadar. Ved store eller intense nedbørsmengder vil overvatn utgjera ein risiko for flaumskadar.		X	X
		Springflo/Stromflaum	7	Havnivået er stadig i endring og klimaendringane er venta å føre til at havnivået vil fortsetta å stige. Det er derfor naudsynt å ta omsyn til framtidig havnivåendring og stormflaum i arealplanlegging.			

			<p>I rapport "Sea Level Change for Norway- Past and Present Observations and Projections to 2100" er framtidig havnivåendring og stormflaum berekna langs norskekysten.</p> <p>For Eikelandsosen er det estimert at havnivåstigning ved RCP8.5 i år 2100 vil være til 77 cm (Simpson et al., 2015).</p> <p>Returnivå for stormflo vert lagt saman med havnivåendringar og utsleppscenaria for å definere kor mykje havnivået kan stige med under ein stormflo. Sikkerheitsklasse 3 for Eikelandsosen ved ein 1000-års returnperiode er 192 cm (Simpson et al., 2015).</p> <p>Dei fleste bygg som ligg langs kysten ligg i dag frå kote +2m.</p> <p>Alle nybygg som ligg i nærleiken til sjø må byggast på planeringshøgde >2m.</p>		
Skredfare	Steinsprang	8	<p>Deler av planområdet ligg i NVE sitt aktsemeldskart for utløpsområde for steinsprang. Ved terrenghellingar over 40-45° aukar sannsynet for at steinsprang kan førekomma. Hellingskartet synar at skrånninga nordvest i planområdet, Stallbretet, er det fleire stadar at terrenghellinga overskrid kritisk vinkel for at skredhendingar kan førekoma.</p> <p>Det er registrert eit steinskred innanfor planområdet.</p>	X	X
	Lausmasseskred	9	<p>Delar av planområdet ligg i NVE sitt aktsemeldskart innanfor aktsemdområde for lausmasseskred. Ved terrenghellingar over 25° er det sannsyn for at jordskred kan førekomma.</p> <p>Det er ikkje registrert historiske lausmasseskred innanfor planområdet.</p>	X	X
	Is og snøskred	10	<p>Deler av planområdet ligg i NVE sitt aktsemeldskart innan for aktsemd område for is og snøskred.</p> <p>Dei klimatiske tilhøva på Vestlandet tilseie at det ikkje er sannsyn at det blir akkumulert store nok mengder med snø slik at eit snøskred skal førekomme i planområdet. Områda kring planområdet består av tett skog, noko som senker akkumulasjonspotensialet til snø.</p>		
	Kvikkleireskred	11	<p>Planområdet låg under maringrense under siste istid. Den sørlege delen av planområdet, samt området lengst vest ligg hovudsakeleg på eit tynt dekke av lausmassar eller på bart fjell/tynt dekke. Området som ligg på nordsida av Hålandsdalsvegen, er i NGU sin kartdatabase registrert med eit tjukt lausmassedekke.</p> <p>Det er ikkje registrert historiske kvikkleireskredhendingar innanfor planområdet.</p>	X	X
	Historiske hendingar	12	<p>Det er registrert eit steinskred innan for planområdet.</p>		
Andre ønskt hendingar	Byggegrunn	13	<p>Den sørlege delen av planområdet, samt området lengst vest ligg hovudsakeleg på eit tynt dekke av lausmassar eller på bart fjell/tynt dekke. Området som ligg på nordsida av Hålandsdalsvegen, er i NGU sin kartdatabase registrert med eit tjukt lausmassedekke.</p> <p>Nybygg vert plassert på fast grunn.</p>		
		14	<p>Eit område er merka i Miljødirektoratet sin database som gul-sone - «kan brukast med restriksjonar». Lokalitetnamnet er Fusa treimpregnering, med ID 4113 (Miljødirektoratet, 2018).</p>	X	

	Radon	15	Planområdet ligg i NGU sitt aktsemdskart for radon hovudsakeleg innanfor «Moderat til låg aktsemd grad», mens nokre stadar er merka som «høg aktsemd grad» (NGU, 2018).	X	
Forureining	Drikkevasskjelde (brønnar etc.)	16	Det er i NGU sin kartdatabase registrert 4 brønnar for drikkevatn (NGU, 2018). Det er naudsynt å ta omsyn til desse ved bruk av areal i nærliken til brønnane for å sikra at dei ikkje vert utsett for forureining.		
	Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l.	17	Skjelbreidvatnet vert nytta som eit badevatn om sommaren. Det er ikkje planlagde tiltak som kan føra til forureining av Skjelbreidvatnet eller Koldalselva.		
	Nedbørsfelt	18	Det er kartlagd fleire større nedbørsfelt i tilknyting til planområdet.		
	Luft - Støv, partiklar/røyk	19	Det er ikkje verksemد i planområdet som fører til forureining i luft.		
	Støy	20	Det er ikkje støyande verksemد i planområdet som vil føra til støyforureining.		
Transport	Ulykker på veg	21	Fylkesveg 552 og fylkesveg 48 fører begge til Eikelandsosen og er hovudfartsårene gjennom Fusa kommune. Det er langs fylkesvegane det førekjem flest trafikkulykker (93%), mens det er langt færre ulykker langs det kommunale vegnettet. Dei fleste ulykkene som er registrert i nærliken eller i planområdet er registeret i område kor fartsgrensa har vore høg (80 km/t).		
	Ulykker på bane, luft og sjø	22	Det er registrert ei ulykke til sjø i 1981, kor eit lasteskip gjekk på grunn. Ulykker til sjø er ikkje vurdert å utgjera ei fare for planområdet.		
	Utslepp av farleg stoff	23	I TØI's rapport "Kartlegging av transport av farleg gods i Norge", 2013 er Fv 552 angitt med total mengde på 5,8 tonn transportert farleg gods. Fylkesveg 48 er oppgitt med 31 000 tonn (TØI, 2013). Det er ikkje registeret ulykker kor utslepp av farleg stoff har forekomet. Planområdet blir ikkje vurdert som utsett for ulykker med farleg gods.		
	Støy	24	Trafikkmengda på vegnettet er relativt låg. Støy frå vegtrafikk er ikkje vurdert å føra til støyplagar.		
Næringsverksemد	Utslepp av farleg stoff	25	Det er ikkje registrert næringsverksemد i nærliken av planområdet som kan medføra utslepp av farleg stoff (Miljødirektoratet, 2018).		
	Akutt forureining	26	Det er ikkje registrert næringsverksemد i nærliken av planområdet som kan medføra akutt forureining (Miljødirektoratet, 2018).		
	Brann , eksplosjon i industri	27	Det er ikkje registrert eksplosjonsfarlege verksemد i eller rundt planområdet. Det er ikkje planlagt eksplosjonsfarleg verksemد innanfor planområdet (Miljødirektoratet, 2018).		

Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	28	Planområdet består av både barskog og lauvskog. I deler av planområdet er det flere område som ikke er skogsatt. Trea i planområdet er hovudsakeleg skildra som eldre skog (41-80 år) (Norsk institutt for bioøkonomi, 2018). Ung furuskog på skritt jordsmøn i skrånende terrenge er vegetasjonstypen som utgjør den største skogbrannfaren. Planområdet blir ikke betrakta som særleg utsett for skog- og vegetasjonsbrann.			
	Brannfare i bygninger	29	Alle bygg følger byggeteknisk krav i TEK17. Nye bygg i planområdet er ikke vurdert å vera særleg utstatt for brann.			
Eksplosjonsfare	Eksplosjon i industriverksem	30	Det er ikke planlagt næringsverksem som fører til auka fare for eksplosjon innanfor planområdet.			
Energitransport	Høgspent	31	Det går høgspent-trasear gjennom planområdet. WHO har klassifisert lågfrekvent magnetfelt som mogleg kreftframkallande (Statens Strålevern, 2017).	X		
	Gass	32	Det er ikke kjennskap til infrastruktur for gass eller oppbevaring av gass innanfor planområdet.			
Beredskap	Sårbare bygg	33	Det er lokalisert flere sårbare bygg i planområdet. Skule, sjukeheim, brannstasjon og ambulansestasjon ligg i Eikelandsosen. Alle sårbare bygg ligg utanfor faresoner for skred, flaum ,springflo og stormflo, samt havnivåendringar. Det er planlagt ny brannstasjon på Eikelandsheiane, like ved næringsområdet. Brannstasjonen vert plassert med kort avstand til Fv. 48 for sikker og rask utrykking. Uhell i næringsområda er ikke vurdert å føra til hinder for utrykkingskjøretøy fra brannstasjonen. Brannstasjonen tilhører sikkerheitsklasse 3 i Tek17, og all infrastruktur, vassvegar (S3 1/1000) må dimensjonerast i medhald til sikkerheitsklassen. Det er planlagt ny ambulansestasjon i tilknyting til Fjorden senter. Utforming og tilrettelegging av ambulansestasjon må følga krav tilknyttet sikkerheitsklasse 3 (TEK17).			
	Brann	34	Planområdet blir dekka av Fusa Brannstasjon Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann og redningsetatar.			
	Ambulanse	35	Planområdet vert dekka av Fusa Ambulansesteste. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekt av nødhjelpestatar.			

5 Risiko- og sårbarheitsvurdering

Kvar uønska hending som er vurdert som ei potensiell fare i kap.4 vert omtala i følgande kapittel. Omfanget og kor i planområdet hendinga kan inntreffa vert vurdert.


Dersom det er særlege eigenskapar og lokale tilhøve frå omtalen av planområdet, aktuell risiko- og sårbarheitstilhøve som kan påverka hendinga og hendingsforløpet (f.eks. følgjehendingar) skal vert dette omtalt.

5.1 Store nedbørsmengder

Nr. 2	Store Nedbørsmengder									
